




Årsrapport 2007



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET



Forord

Velkomen til andre års utgåve av Kommunal- og regionaldepartementets årsrapport. Årsrapporten gir ei oversikt over aktivitetane våre i 2007 og er ei utdjujing av omtalen av det administrative området i Stortingsproposisjon nr. 1.

2007 var eit år der mykje ressursar vart lagde ned i førebuingane til kommunestyre- og fylkestingsvalet. Valet vart gjennomført på ein god måte. Arbeidet med kommuneproposisjonen og samordning av statens styring av kommunesektoren kravde som vanleg stor innsats. Gjennom året har vi førebudd opprettinga av ei ny verksemd, Kompetansesenter for distriktsutvikling, som vi vonar vil bli ein god støttespelar for utviklingsarbeid lokalt. På bustadområdet har det særleg vore fokusert på det bustad-sosiale området, tiltak retta mot bustadlause, kvalitet i byggjenæringa og miljø- og energikrav. Høge bustadprisar, auka rente og auka byggjekostnader gir utfordringar både for dei som ønskjer seg bustad, og for Husbanken og kommunane som skal syte for eit bustadtilbod for vanskelegstilte.

Røynsleutveksling gjennom internasjonalt arbeid kan vere svært nyttig. Departementet har mellom anna vore representert på FNs busetjingskonferanse i Nairobi og på eit seminar om lokaldemokrati og rettane til kvinner i India. Vi var òg vert for eit studiebesøk frå EUs regionalkommissær for regional utvikling.

På slutten av året vart det avdekt at somme kommunar hadde gjort uheldige finansielle disposisjonar, og «Terra-saka» vart ei sak som kravde og framleis krev ressursar i departementet.

I løpet av året opplevde vi òg fleire skifte av statssekretærar og politiske rådgivarar, og i september 2007 vart statsråd Åslaug Haga etterfølgt av statsråd Magnhild Meltveit Kleppa.

Utskiftinga av personale i departementet elles var i 2007 på 12,7 prosent. Dette er ein gledeleg nedgang frå 17,6 prosent i 2006, som var noko høgt. Kompetansen til dei tilsette er den viktigaste inn-

satsfaktoren departementet har. Vi er avhengige av dyktige medarbeidarar med ein solid og variert bakgrunn, og vi ønskjer å framstå som ein attraktiv arbeidsplass. For å vedlikehalde og vidareutvikle kompetanse er det viktig med påfyll. Vi anbefaler alle tilsette å utnytte dei sjansane som finst for kursing og vidareutdanning.

Deltaking på kulturelle og sosiale aktivitetar fremjar trivsel og tilhørsle. Det er derfor gledeleg at det i løpet av 2007 er kome på plass tilbod for fleire nye typar aktivitetar, mellom anna bedriftsfotball og ei fotogruppe.


Juni 2008



Eivind Dale
departementsråd



Gunnar Andrésen
ekspedisjonssjef
Plan- og administrasjonsavdelinga



Innhald

Forord	3
Om Kommunal- og regionaldepartementet	6
Kommunal- og regionaldepartementets organisasjon	7
Organisasjonskart	7
Større aktivitetar i 2007	8
Meldingar, proposisjonar og offentlege utgreiingar	8
Råd og utval	8
Prosjekt og andre større oppgåver	9
Internasjonale aktivitetar	11
Tverrfaglege aktivitetar	14
Avdelingane i departementet	19
Plan- og administrasjonsavdelinga	19
Regionalpolitisk avdeling	20
Kommunalavdelinga	21
Bustad- og bygningsavdelinga	22
Kommunikasjonseininga	23
Personalområdet	24
Oversikt over bemanninga i eit likestillingsperspektiv	24
Kompetanse	26
Helse, miljø og tryggleik	27
Sosiale aktivitetar og velferdstiltak	28
Driftsbudsjett og driftsrekneskap for 2007	29

Om Kommunal- og regionaldepartementet

MÅL, ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER

Departementet sin visjon er å leggje til rette for ein betre kvardag for alle. Vi har ansvar for bustad- og bygningspolitikk, regional- og distriktspolitikk og generelle juridiske og økonomiske rammevilkår for kommunesektoren.

Vi har i utgangspunktet fem hovudtypar av oppgåver:

- 1) Rolla som fagleg sekretariat for den politiske leiinga, her medrekna å gi faglege råd om politikktutvikling på ansvarsområda våre
- 2) Gjennomføring av sektorpolitikk overfor kommunar, fylkeskommunar, næringsliv, organisasjonar, innbyggjarar ofl. innanfor politisk gitte rammer (mellom anna ved planlegging, utgreiing, gjennomføring og kommunikasjon av dei sakene som departementet har ansvar for)
- 3) Behandle einskildsaker (både å gjere vedtak i einskildsaker der departementet har fått spesiell avgjerdsrett i samsvar med lov, forskrift eller forvaltningspraksis, og å svare på spørsmål og ulike typar førespurnader til departementet, utarbeide tilsvar i rettssaker o.a.)
- 4) Administrere og organisere underliggjande verksemdar knytte til departementet (ekstern administrasjon)
- 5) Administrere og organisere departementet sjølv (internadministrasjon)




Administrativt hadde departementet i 2007 som målsetjing at departementet og tilknytte verksemdar skulle ha ei effektiv ressursforvaltning og ei god kommunikasjonsforvaltning, og at resultatane på dei ulike politikkområda skulle gjerast synlege i det offentlege rom.



Kommunal- og regionaldepartementets organisasjon

Per 31. desember 2007 bestod den politiske leiinga i Kommunal- og regionaldepartementet av statsråden, to statssekretærer og ein politisk rådgivar. I september 2007 fekk vi ei ny politisk leiing ved at statsråd Haga vart etterfølgt av statsråd Meltveit Kleppa. Den administrative leiinga bestod av departementsråden, fire ekspedisjonssjefar og ein

kommunikasjonssjef. Departementet hadde per 31. desember 2007 177 årsverk. To av avdelingane i departementet, Regionalpolitisk avdeling og Plan- og administrasjonsavdelinga, er teamorganiserte. Utdjupande omtale av dei ulike avdelingane følgjer i kapitlet «Avdelingane i departementet».



Større aktivitetar i 2007

Under gir vi ei kort oversikt over større aktivitetar i Kommunal- og regionaldepartementet i 2007. For ei meir omfattande rapportering viser vi til St.prp. nr. 1.

MELDINGAR, PROPOSISJONAR OG OFFENTLEGE UTGREIINGAR

Departementet har lagt fram følgjande meldingar, proposisjonar og utgreiingar i 2007:

- St.prp. nr. 13 (2007–2008) *Om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Kommunal- og regionaldepartementet*
- St.prp. nr. 1 (2007–2008) *For budsjettåret 2008*
- St.prp. nr. 67 (2006–2007) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2008* (kommuneproposisjonen)
- St.meld. nr. 31 (2006–2007) *Åpen, trygg og skapende hovedstadsregion*
- Ot.prp. nr. 16 (2007–2008) *Om lov om endringar i burettslagslova, eigarseksjonslova og avhendingslova*
- Ot.prp. nr. 38 (2006–2007) *Om lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler* (husleigelova)
- Ot.prp. nr. 24 (2006–2007) *Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre m.v.* (skjeringsdato, valkort o.a.)



RÅD OG UTVAL

Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk vart etablert ved årsskiftet 2005/2006. Utvalet blir leidd av kommunal- og regionalministeren, og departementet er sekretariat for utvalet. Det vart gjennomført tre møte i utvalet i 2007. Arbeidet i departementet består i å førebu saker og tema som regjeringsutvalet skal arbeide med, og jamleg følgje opp møta. Samordningsfunksjonen til departementet og arbeidet i regjeringsutvalet var i 2007 spesielt knytt til å følgje opp St.meld. nr. 21 (2005–2006) om distrikts- og regionalpolitikken og om å konkretisere og følgje opp sektorovergripande politikk i høve til utsette fjell- og kystsamfunn og nordområdepolitikken til regjeringa. I tillegg kjem kontinuerleg arbeid for å påverke politikktutvikling på område som har mykje å seie for dei distrikts- og regionalpolitiske måla.

Bulystrådet

Bulystrådet vart oppretta i 2006 og fekk i mandat å drøfte «kva som er viktig for å få til ei utvikling i distrikta som kan gjere det attraktivt for unge å busette seg her i framtida» og å levere innspel for korleis departementet og andre aktørar betre kan marknadsføre framtidsutsiktene som ligg i distrikta. Rådet var sett saman av representantar frå ungdomsorganisasjonar, unge folkevalde, unge ressurspersonar, eldsjeler og personar som har merkt seg ut på feltet sitt. Bulystrådet presenterte innspela sine august 2007. Som ei oppfølging vart det hausten 2007 sett i gang eit prosjekt for om-dømmebygging i Distrikts-Noreg, mellom anna gjennom ein kampanje. Tiltaket er ei direkte oppfølging av innspela frå Bulystrådet.

Byggjekostnadsprogrammet

Byggjekostnadsprogrammet vart starta i 2005 og er eit femårig forskingsprogram. Den offentlege støtta er på totalt 80 millionar kroner, og næringa er forplikta til å yte minst like mykje. Kommunal- og regionaldepartementet og Rådet for bygg, anlegg og eiendom (BAE-rådet) er eigarane av programmet.

Føremålet med programmet er å auke kvaliteten på det som blir bygd, og samtidig auke lønnsenda i næringa. Ambisjonen er òg å gi heile næringa eit kompetanselyft. Per i dag har programmet rundt 30 prosjekt gåande. Det er stilt krav om brei deltaking av aktørar i kvart prosjekt, og meir enn 120 ulike verksemder deltek så langt i prosjekta. I 2007 opna statsråd Haga den nye bustadportalen i programmet – ein forbrukarportal for alle som skal byggje, kjøpe eller rehabilitere bustad. Mentorordninga og nettverket for utvikling av kvinnelege leiingar, «Kunnskapsringen», leverte dei første 20 kandidatane i 2007.

Tverrpolitisk inntektssystemutval

Utvalet, som bestod av representantar for partia på Stortinget, vart sett ned i 2006 for å sjå nærmare på delar av inntektssystemet for kommunane. Utvalet fullførte arbeidet sitt i oktober 2007 ved at rapporten «Forslag til forbedringar av overføringssystemet for kommunane» vart lagd fram. Kommunal- og regionaldepartementet og Finansdepartementet tok seg av sekretariatsoppgåvene for utvalet. Oppfølging av rapporten frå utvalet skjer ved at departementet legg fram forslag til endringar i inntektssystemet i kommuneproposisjonen 2009.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi

Utvalet vart oppnemnd i 1979 og er eit partssamansett utval for rapportering, statistisk tilrettelegging og fagleg vurdering av data som gjeld økonomien i kommunane og fylkeskommunane. Utvalet utarbeider årleg to rapportar og to–tre notat til konsultasjonsmøta mellom staten og kommunesektoren. Departementet er ein del av sekretariatet for utvalet og har ei koordinerande rolle ved utarbeiding av rapportar og notat.

Forum for etikk i kommunesektoren

Forumet vart etablert i 2006 og består av eksperter og representantar for utvalde organisasjonar og styresmakter. Forumet har fungert som eit debattforum og har gitt innspel til arbeidet i

departementet for å medverke til høg etisk standard og godt omdømme i kommunesektoren. I 2007 hadde forumet to møte. Arbeidet med etikk i departementet har resultert i eit høyringsnotat med framlegg til endringar i kommunelova og forvaltningslova. Departementet skal i 2008 leggje fram ein odelstingsproposisjon med framlegg til lovendringar som skal medverke til auka medvit om roller og ei meir open haldning i kommunar og fylkeskommunar. I desember 2007 sette departementet ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere om det er behov for å opprette eit nasjonalt kompetanseorgan for etikk i kommunesektoren, og også den vidare framtida for forumet.

Forum for seriøsitet i byggjenæringa

Forumet vart etablert i juni 2007 og heldt det første møtet 22. oktober. Forumet blir leidd av Kommunal- og regionalministeren og består elles av representantar for den politiske leiinga i fleire andre departement. Forumet, som skal møtast to gonger i året, er ein arena for gjensidig informasjon og vurdering av behov for nye tiltak. Forumet vil ha god kontakt med Forbrukarrådet, byggjenæringa og Fagforbundet.

PROSJEKT OG ANDRE STØRRE OPPGÅVER

Sluttføring av hovudstadsmeldinga

Hovudstadsmeldinga, *Åpen, trygg og skapende hovedstadsregion* – St.meld. nr. 31 (2006–2007), vart presentert 1. juni 2007. Meldinga legg vekt på at Noreg treng ein sterk hovudstadsregion, og regjeringa varslar nye tiltak for å redusere dei store levekårsskilnadene i Oslo. Arbeidet med hovudstadsmeldinga innebar eit omfattande samarbeid med andre departement og utgreiing av spørsmål frå fleire sektorar.

Småsamfunnsatsinga

Departementet arbeider med den nasjonale småsamfunnsatsinga. Det vart sett av store ressursar og sett i gang ei heil rekkje nye pilotprosjekt i løpet av 2007. Det vart òg lyst ut ein konkurranse for å

velje ein følgjeevaluator (Norsk senter for bygdeforskning) som skal styrkje arbeidet med læring og røynsleoverføring mellom dei utpeikte pilotprosjekta rundt om i landet. Prosjekta under småsamfunnssatsinga er svært varierte og har søkjelys på stadutvikling, næringsutvikling og gode tenester.

Distriktssenteret

I 2007 arbeidde departementet med etablering av Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret), som er ei ny verksemd knytt til det distrikts- og regionalpolitiske området. Senteret skal vere operativt frå andre halvår 2008. Departementet arbeidde i 2007 med å førebu etableringa, mellom anna med mål og oppgåver, vurdering av aktuelle lokaliseringstader, tilknytingsform og organisering, styringss spørsmål, budsjett og økonomi og tilsetjing av direktør.

Val

I 2007 var det kommunestyre- og fylkestingsval. Departementet hadde ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av valet. Det vart arrangert ein sentral konferanse der fylkeskommunane og fylkesmennene fekk opplæring i regelverket. Dette skulle så gjennomføre valkonferansar i sine eigne fylke, og fekk midlar frå departementet til dette. I tillegg vart det utarbeidd eit omfattande rettleingsmaterieil, som vart publisert på www.valg.no. Departementet gjennomførte òg ein informasjonskampanje og sytte for rapportering av valresultata på valdagen. Ved lokalvalet i 2007 gjennomførte 50 kommunar forsøk med direkteval av ordførar. I statsbudsjettet for 2008 foreslo departementet at det vart sett i gang forsøk med elektronisk stemmegiving.

Utstillingsvindaue for kvinner i lokalpolitikken

Prosjektet vart sett i gang i 2007 og skal halde på ut 2011. Føremålet er å auke representasjonen av kvinner i lokalpolitikken. I 2007 plukka departementet ut 11 kommunar og kommunenettverk som vil prøve ut ulike tiltak. Vi har i tillegg brukt ressursar på oppfølging av prosjektkommunane, på å

etablere ei nettside for prosjektet på regjeringa.no og på å setje i gang ei evaluering som skal følgje prosjektet. Det vart òg gjennomført ein konferanse for alle deltakarkommunane og nettverka i Stjørdal hausten 2007. Det vil bli gjennomført årlege samlingar i prosjektet i heile prosjektperioden.

Gjennomgåing av lovheimlane for statleg tilsyn med kommunane

Nye reglar i kommunelova om statleg tilsyn med kommunesektoren vart sette i verk 1. mars 2007. Stortinget har bede regjeringa om at særlover blir gjennomgått for å harmonisere dei til dei nye tilsynsreglane i kommunelova. Det vart hausten 2007 sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe som består av 10 departement, og som blir leidd av Kommunal- og regionaldepartementet. Gruppa arbeider for å leggje fram eit felles høyringsnotat i 2008 om lovendringar i dei særlovene det gjeld.

Forvaltningsreforma

Frå 1. januar 2010 skal det gjennomførast ei forvaltningsreform. I desember 2006 vart det lagt fram ei stortingsmelding, St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*. Etter stortingsbehandlinga er nye regionale oppgåver ytterlegare konkretiserte i eit høyringsnotat. Deretter skal det etter planen følgjast opp med ein proposisjon i løpet av hausten 2008. Proposisjonen vil omhandle både framlegg til lovendringar knytte til nye oppgåver til framtidige regionar og eventuelle framlegg til endringar i fylkesstrukturen.

Kvalitetskommuneprogrammet

Programmet er ein del av fornyingsarbeidet til regjeringa og er eit samarbeid mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane. Programmet skal medverke til å styrkje omdømmet til kommunesektoren. Målet med samarbeidet er å auke kvaliteten i det kommunale tenestetilbodet gjennom ei samhandling mellom dei folkevalde, leiarane og dei tilsette, slik at innbyggjarane merkar ei forbetring. Det er eit særskilt mål å redusere sjukefråværet i kommunesektoren. Departementet sitt

ansvar for programmet er særleg knytt til prosjektgjennomføring, styringsorgan (politisk kontaktmøte og administrativ styringsgruppe), metodeutvikling, rapportering, evaluering og formidling. Totalt var 85 kommunar med i 2007. Målet er å få med i alt 200 kommunar. Prosjektperioden går frå 2007 til 2009.

Ny plan- og bygningslov

Arbeidet med framlegg til ny plan- og bygningslov, byggjesaksdelen, var ei viktig sak for departementet i 2007. Den nye plan- og bygningslova skal medverke til at bustader og bygg skal vere sikre, og omsynet til universell utforming, miljøvern og god kvalitet skal stå sentralt i byggjeverksemda. Forenkling og effektivisering, betre kvalitet i byggjesaker og klarare ansvar ved avslutninga av byggjesaker står sentralt i lova. Framlegg til ny lov vart lagt fram for Stortinget 4. april 2008: Odelstingsproposisjon nr. 45 (2007–2008) *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningslova, byggjesaksdelen).

Endringar i forskrifter til plan- og bygningslova

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 26. januar 2007 endringar i forskrift om saksbehandling og kontroll (SAK) og forskrift om krav til byggverk og produkt til byggverk (TEK). Miljøverndepartementet fastsette samtidig endringar i TEK kap. III. Dei viktigaste endringane er knytte til kravet til energibruk i bygg i byggjeforskriftene, som vart sett i kraft 1. februar 2007. Endringa fører til omlag 25 prosent skjerpning samanlikna med tidlegare energikrav. Utfyllande informasjon finst på heimesidene til Statens bygningstekniske etat, www.be.no.

Gjennomgåing av bustøtteordninga

Regjeringa meiner at ei god og målretta bustøtte er eit sentralt fundament for kommunane i arbeidet deira med å skaffe fram fleire utleigebustader og i det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Departementet har ei brei gjennomgåing av bustøtteordninga, og har som siktemål ei ny, forbetra og forenkla bustøtteordning.

BLEST: Nytt program for stadutvikling

Departementet har gitt Husbanken i oppdrag å setje i verk eit program for stadutvikling. Programmet heiter BLEST, ei forkorting for «Bulyst og engasjement i småbyar og tettstader». Ein del av midlane skal nyttast til konkrete stadutviklingsprosjekt. Tre prosjekt vart sette i gang i 2007, eitt på Løten, eitt på Voss og eitt i Berkåk.



INTERNASJONALE AKTIVITETAR

Departementet deltek i ei rekkje internasjonale organ og aktivitetar. Under følgjer ei oversikt over dei viktigaste internasjonale aktivitetane i 2007.

UN Habitat/AGRED

Kommunal- og regionaldepartementet er kontaktpunkt i Noreg for FN-organisasjonen UN Habitat, FN's busetjingsprogram, og leier dei norske delegasjonane til styremøta i organisasjonen. Statsråd Haga var leiar for delegasjonen på styremøtet i april 2007. Styremøtet vedtok globale retningslinjer for desentralisering og styrking av lokale styresmakter, eit dokument som gjer greie for prinsipp og føresetnader for lokalt sjølvstyre etter mønster av Europarådets konvensjon om same tema. India og Noreg har gått saman om å assistere UN Habitat med å leggje til rette for planlegging av organisasjonen si oppfølging av retningslinjene. Det første møtet i AGRED (Advisory Group on Decentralisation) vart halde i New Dehli i desember 2007. Neste møte skal haldast i Oslo 9.–11. juni 2008.



Besøk i India

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa med følge frå departementet vitja 29.–31. oktober India på invitasjon frå den indiske ministeren Mani Shankar Aiyar.

Mani Shankar Aiyar er minister for lokal-demokrati, det såkalla Panchayati Raj, som vart grunnlovsfesta i India i 1991. Bakgrunnen for invitasjonen frå minister Aiyar er at han er oppteken av å styrkje indisk lokaldemokrati og dei politiske rettane til indiske kvinner. India er ein stadig viktigare partner for Noreg, og det er derfor viktig for både India og Noreg å lære meir om og av kvarandre.



OECD

Kommunal- og regionaldepartementet deltek i ei faggruppe om økonomiske forhold i kommunane og utarbeider statistikk. OECD har i 2007 sluttført arbeidet med ei gjennomgåing av Noregs regionalpolitikk. Rapporten vart publisert i januar 2008.

Europarådet

Departementet deltok på Europarådets 15. kommunal- og regionalministerkonferanse 15.–16. oktober i Valencia med temaet «Godt styresett på lokalt og regionalt nivå – den europeiske utfordringa». Vi har òg delteke aktivt på det kommunalpolitiske området i Europarådet. I Europeisk komité for lokalt og regionalt demokrati (CDLR) kan departementet utveksle røynsler med andre land om endringar i rammevilkår og nye initiativ.

Departementet og samarbeidsarenaer i EU/EØS

Kommunal- og regionaldepartementet finansierer ei stilling som ambassaderåd for kommunale og regionale saker i Brussel. Departementet har i kontakten sin med råden særleg følgd arbeidet med nye direktiv, mellom anna tenestedirektivet, det territoriale samarbeidet og regelverket om offentlig støtte. Departementet har følgd opp det territoriale samarbeidet Interreg, mellom anna gjennom deltaking i avgjerdskomitear og administrative komitear. I 2007 er det frå vår side lagt ned eit betydeleg og omfattande arbeid i å delta i utviklinga av dei nye Interreg-programma for perioden 2007–2013. Vidare har vi hatt omfattande kontakt

med EU-kommisjonen i 2007. EUs kommissær for regionalpolitikk (Danuta Hubner) har vitja Nord-Noreg, der Noregs deltaking i Interreg-programma, innovasjon og nordområdepolitikk vart diskutert. Denne vitjinga vart følgd opp med presentasjon av dei to Interreg-prosjekta Safety@Sea og Nordlege maritime korridor (NMC) for Hubner i Brussel.

Kommunal- og regionaldepartementet har følgt arbeidet med EØS-finansieringsordningane ved mellom anna å delta i ei interdepartemental referansegruppe og å setje spørsmålet på dagsordenen i europapolitiske forum. Vi har òg vore medarrangør av konferansar om EØS-finansieringsordninga i Latvia og Polen.

I november 2007 vart departementet sin handlingsplan for europapolitikken ferdigstilt. Hovudmålsetjingane i planen er å identifisere og søkje å påverke «handlingsrommet» for bustad-, regional- og kommunalpolitikken innanfor EU. Samtidig skal departementet aktivt utnytte og delta i dei europeiske organisasjonane Noreg er medlem av, og sjå arbeidet i samanheng med aktiviteten i forholdet til EU.

Europapolitisk forum

Regjeringa har etablert Europapolitisk forum for å betre dialogen mellom sentrale, lokale og regionale styresmakter og Sametinget. Forumet blir leidd i fellesskap av statssekretærene i Kommunal- og regionaldepartementet og Utanriksdepartementet. Det har vore gjennomført to møte i Europapolitisk forum i 2007. Tema på møta har mellom anna vore statsstøtteregelverket, det territoriale samarbeidet, EØS-finansieringsordningane, EUs maritime politikk og fylkeskommunane som internasjonale aktørar.

Nordområda

Auka aktivitet på land er ein sentral del av nordområdestrategien til regjeringa. Innsatsen til Kommunal- og regionaldepartementet innanfor nordområdestrategien er knytt til felte fysisk infrastruktur, kompetansebygging, næringsutvikling og aust-vest-samarbeid. Kommunal- og regionaldepartementet har i 2007 og 2008 arbeidd tett med regionale og nasjonale aktørar for å auke verdiskapinga på land i Nord-Noreg. Basert på dei nasjonalt initierte, men regionalt drivne prosessane Innovasjonslyft Nord (06) og Verkemiddelgjennomgangen (07) er reiseliv og teknologiar tilpassa petroleum, energi og klima peikte ut som viktige næringar for landsdelen. Kommunal- og regionaldepartementet har vore involvert i satsinga på nordområda gjennom mellom anna:

- Som ei oppfølging av Barentssekretariatet sitt ringverknadsprosjekt finansierte Kommunal- og regionaldepartementet ei kartlegging av prosjekt som galdt ringverknader på land av større olje- og gassprosjekt.
- Interreg-programmet Nordlege maritime korridor (NMC)

Nordisk samarbeid

Kommunal- og regionaldepartementet deltok på det nordiske regionalministermøtet i Helsingfors i 2007. Vidare har vi følgt opp norske initiativ og vore med i tenestemannsgrupper. Departementet deltok òg på det nordiske kommunalministermøtet på Færøyane i august 2007.

Departementet har vore med i eit nordisk-baltisk-polsk samarbeid om eit felles program for å auke utvekslinga og fremje samarbeid innanfor bygge- og anleggssektoren. Programmet har gått over tre år, 2005–2007, under leiing av Nordisk ministerråd.

TVERRFAGLEGE AKTIVITETAR

Riksrevisjonens kontroll

Kvart år legg Riksrevisjonen fram Dokument nr. 1, som er ein rapport om den årlege revisjonen og kontrollen i budsjettåret. I 2007 hadde Riksrevisjonen for budsjettet for 2006 ingen merknader på vårt ansvarsområde. I 2007 arbeidde Riksrevisjonen med ein forvaltningsrevisjon om bustadtilbodet for vanskelegstilte grupper på bustadmarknaden og oppgåvene til Husbanken i den samanhengen. Dette vart lagt fram for Stortinget i april 2008.

Risikostyring i Kommunal- og regionaldepartementet

Regelverket for økonomistyring i staten stiller krav om internkontroll og risikostyring i statlege verksemder. Sidan 2006 har departementet arbeidd med å få på plass ei meir systematisk tilnærming til arbeidet med risikoanalysar i eiga verksemd. I 2007 vart det utarbeidd og fastsett interne retningslinjer for mål-, resultat- og risikostyring. Retningslinjene inneheld både ei beskriving av korleis risikostyring kan koplast til etablerte styringsrutinar, og prinsipp for ein ønskeleg lærings- og forbedringskultur. Arbeidet vårt tek utgangspunkt i rettleiarar utarbeidde av Senter for statleg økonomistyring (SSØ) som er tilpassa det statlege økonomiregelverket.

Etatsstyring og mål- og resultatstyring

All verksemdsstyring i departementet skal gå føre seg innanfor ramma av økonomireglementet og den interne økonomiinstruksjonen for departementet. I 2007 arbeidde vi med egne interne retningslinjer for etatsstyring, og dette arbeidet vil halde fram i 2008. Vi utformar mål- og resultatkrav for våre egne aktivitetar og aktivitetane i verksemdene. Desse krava blir utforma og formulerte i budsjettproposisjonane og til underliggjande verksemder i tildelingsbrevet. Etatsstyringa går primært føre seg gjennom tildelingsbrev, rapportering og møteaktivitet. Leiar kontraktane for etatsleiarane støttar opp om mål- og resultatkrav for verksemdene.

Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus er verksemder som ligg direkte under departementet. I 2007 utarbeidde verksemdene risikoanalysar for sine område.

I forvaltninga av distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel nyttar departementet mellom anna tilskots- og oppdragsbrev til fylkeskommunane og nasjonale verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (SIVA) og Noregs Forskingsråd. I 2007 vart det arbeidd med vidareutvikling av retningslinjene for bruk av midlar og rapporteringskrav.

Innkjøp

Innkjøp, særleg av forskings- og utgreiingsoppdrag og konsulenttenester, er ei viktig oppgåve for ei kunnskapsbasert verksemd. Lov og forskrift om offentlege innkjøp må følgjast og stiller store krav om relevant kompetanse hos oss. Vi har i 2007 gjennomført eit førebuaende arbeid i samband med utvikling av ein eigen innkjøpsstrategi for departementet. Behovet for auka kompetanse i regelverket er følgt opp gjennom kurs, vidareutvikling av rutinar og forbedring av informasjonen internt. Eit internt todagarskurs har særleg sett søkjelyset på bestilling av forskings- og utgreiingsoppdrag.

Etikk

Det vart innført nye etiske retningslinjer for staten i 2005. Vi har sidan den tid gjennomført ei rad tiltak internt for å auke medvitet om statens etiske normer og reglar, mellom anna:

- I 2007 vart det utarbeidd utkast til retningslinjer for varsling i departementet.
- Etiske retningslinjer har vorte ein obligatorisk del av programmet for nyttilsette i departementet.
- Etiske retningslinjer var tema i dei årlege leiar-kontraktssamtalane departementsråden har med ekspedisjonssjefar og verksemdsleiarar.

- «Korleis takle etiske dilemma i departementskvardagen» har vore tema på ein av leiarkonferansane departementet har halde i 2007. Det er arbeid med ei intern dømesamling for aktuelle problemstillingar.
- Fleire av avdelingane i departementet har hatt etikk som tema på fellesmøte eller avdelingsseminar i løpet av 2007. Ein ekstern konsulent er nytta til internopplæring i form av foredrag og arbeidsseminar.
- Etiske retningslinjer er omtala i tildelingsbrevane våre til underliggjande verksemdar.

Forskning og utviklingsarbeid

For å utvikle politikk og gjennomføre oppgåver knytte til ansvarsområda våre har vi stort behov for forskingsbasert kunnskap. Kunnskapsutviklinga vår – og kunnskapsforvaltninga – har følgjande mål:

- Systematisering av aktuell kunnskap og forskning på politikkområda til departementet
- Etablere kunnskap om aktuelle og framtidige utviklingstrekk og rammevilkår i samfunnet
- Evaluere resultat av etablerte tiltak og forsøk på ulike politikkområde, med sikte på eventuelle justeringar, nye tiltak eller gjennomgåande reformer
- Vedlikehald av utvalde databasar, modellar og statistikkseriar for å følgje utviklinga innanfor prioriterte samfunnsområde

I 2007 har vi tilrettelagt for betre FoU-bestillingar ved å utarbeide ein mal for kravspesifikasjon og kvalifikasjons- og tildelingskriterium. Dette skal vere eit hjelpemiddel til å utarbeide eit konkurransegrunnlag. Vi har utarbeidd ein FoU-strategi som gir oversikt over kva kunnskapsbehov departementet ser framover i perioden 2006–2010. Strategien dannar grunnlaget for satsinga og prioriteringa vår innanfor forskning og utvikling, og er retningsgivande for samspelet med forskingsmiljø. I 2007 vart ein stor del forskingsmidlar kanaliserte gjennom større program i Noregs forskingsråd. Departementet har òg inngått ein strategisk avtale med Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR).



Gjennomførte evalueringar

Det blir kvart år gjennomført ei rekkje evalueringar innanfor områda til departementet. I 2007 vart følgjande evalueringar/utgreiingar gjennomførte av departementet eller underliggjande verksemdar:

<p>Kapittel 551, post 60</p>	<p>Tilskot til fylkeskommunane til regional utvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kundeeffektundersøkinga (Innovasjon Noregs verkemiddel): Etterundersøking 2003-årgangen. ▪ Kundeeffektundersøkinga: Førundersøking 2006-årgangen. ▪ Følgjeevaluering i samband med ferdigstillinga av dei grenseregionale programma (Interreg IVA) der Noreg deltek.
<p>Kapittel 551, post 61</p>	<p>Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Følgjestudie.
<p>Kapittel 552, post 72</p>	<p>Nasjonale tiltak for regional utvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Følgjeforskning for Forskingsbasert kompetansemekling. ▪ Evaluering av BIT. Bransjeretta IT. Utvikling av innovativ e-business. ▪ Evaluering av FRAM, iVel. ▪ Evaluering av Alkymisten, Unge i fokus. ▪ Internasjonale innovasjonsaktivitetar – evaluering av SeedForum, Connect. ▪ Følgjeevaluering kommuneprosjektet «Kommunane som førstelinjeteneste». ▪ Evaluering av nettstaden etablerer.no. ▪ Følgjeevaluering i samband med ferdigstillinga av dei transnasjonale og interregionale programma (Interreg IVB og C) der Noreg deltek.
<p>Kapittel 580, post 70</p>	<p>Bustøtte</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Brukarundersøking retta mot kommunale saksbehandlarar av bustøtte. ▪ Brukarundersøking retta mot mottakarar av statleg bustøtte. ▪ Brukarundersøking retta mot dei som fekk avslag på søknad om statleg bustøtte. ▪ Bustøtta si rolle i utvikla bustadmarknader. ▪ Husleigeregulering – status før avviklinga i 2010.
<p>Kapittel 581, post 21</p>	<p>Kunnskapsutvikling og -formidling</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Varig bustad framfor hospits. ▪ Kommunal praksis og rutinar i høve til leigeforhold definert etter husleigelova § 11.1 og 11.2, utkastningar og krav om utkastningar og tildeling, ventelister, vedtak og avslag som gjeld kommunalt disponerte bustader.
<p>Kapittel 581, post 72</p>	<p>Program for reduserte byggjekostnader</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Evaluering av byggjekostnadsprogrammet
<p>Kapittel 581, post 75</p>	<p>Tilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ «Hus for alle?» – evaluering av bustadtilskot til tilpassing for familiar med barn med nedsett funksjonsevne. ▪ Subsidiemodellen innanfor bustadtilskotet. Evaluering av omlegginga av modellen. ▪ «Hus for alle?» – evaluering av bustadtilskot til tilpassing for familiar med funksjonshemma barn.
<p>Kapittel 581, post 78</p>	<p>Kompetansetilskot</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Selektive verkemiddel i lokale bustadmarknader. ▪ Bu- og tenestesituasjonen for utviklingshemma 10 år etter HVPU-reforma. ▪ Bustadnormer, helse og velferd – drøfting av bustadnormer, grunnlaget deira og rolla i bustadpolitikk og planlegging.

IKT-området

Det er Servicesenteret for departementa som driftar IKT-systemet til departementet. Departementet har framleis ansvar for systemet og for avgjerder og oppfølging av innkjøp. Informasjonsteknologi er eit viktig hjelpemiddel for at medarbeidarane våre skal kunne løyse oppgåvene sine effektivt og med god kvalitet. Vi har i 2007 særleg hatt søkjelyset på:

- Innføring av ei ny løysing i saksbehandlarsystemet som gjer at saksbehandlinga mellom leiar og medarbeidar kan vere fullelektronisk. Løysinga inneber at medarbeidarar og leiarar blir varsla når det kjem ny post, noko som vonleg fører til raskare saksbehandling.
- Utvikling av nytt intranettsystem
- Førebuingar til at Servicesenteret for departementa i løpet av 2008 vil effektivisere og samle IKT-drifta for dei fleste departementa. Alle IKT-systema våre blir overførte og fasa inn i ei felles teknisk plattform. I samband med dette utarbeidde vi ein IKT-strategi for innkjøp av maskinar og utstyr.

Tryggleik og beredskap

Etter tilsyn med beredskapsarbeidet i departementet i 2006 vart det i 2007 arbeidd med å førebu revisjonen av krisehandlingsplanen vår og implementering av eit nytt elektronisk system for krisehandtering. Systemet blir innført i løpet av 1. halvår 2008. Å halde og delta i øvingar var eit viktig element i dette arbeidet. Som førebuing til kommune- og fylkestingsvalet i september 2007 vart krisehandlingsøvinga VALG gjennomført 23. august i lokala til Krisestøtteininga (KSE) i Justisdepartementet. Øvinga vart gjennomført med medverknad frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, KSE og innleigd konsulenthjelp frå Geelmuyden Kiese, og det vart laga ein evalueringsrapport. I desember 2007 deltok departementet i øvinga SNØ (Sivil nasjonal øving).

Arkiv

Etter arkivlova skal alle offentlege verksemder ha eit arkiv som er ordna og innretta slik at dokumenta er trygge som informasjonskjelder no og i framtida. Det vart i 2007 registrert i alt 16 117 dokument i systemet. Av dette var 7 298 inngåande dokument, 3 973 var utgåande dokument og 4 846 interne notat. 2 373 av desse dokumenta vart registrerte som e-post. Departementet fekk 947 krav om innsyn i 2007, ein reduksjon på 393 førespurnader frå 2006. 188 innsynskrav vart avslått, og departementet fekk seks klager på avslaga. Fem av avslaga vart haldne oppe, og eitt vart gjort om til delvis innsyn. Eit av dei avslåtte krava vart anka til kongen. Vi har i 2007 byrja på eit særskilt prosjekt med avlevering av arkivmateriale til Riksarkivet. Arbeidet vil halde fram i 2008.



Kommunikasjonstiltak

Nettsidene til departementet, regjeringa.no/krd, er ein av dei viktigaste kanalane våre utetter. I 2007 har medarbeidarar i heile departementet medverka med oppdatert og brukarvennleg informasjon, noko som fører til betre servicenivå og forståing blant publikum for politikktutforminga.

I 2007 vart det i samarbeid mellom kommunikasjonseininga, IKT-ansvarlege og bidragsytarar frå alle avdelingar førebudd ei ny intranettløyning, som vart lansert våren 2008.

Framlegginga av statsbudsjettet (oktober) og kommuneproposisjonen (mai) er to viktige hendingar som krev gode kommunikasjonstiltak. I tillegg tek kommunikasjonseininga kvar månad hand om ca. ti einskildsaker eller nyheiter som blir tilbodne ulike kanalar. Denne aktive mediehandteringa resulterer i rundt rekna 600 oppslag i media i løpet av året. Vi har særleg jobba med å formidle innhaldet i nye tekniske forskrifter til plan- og bygningslova, hovudstadsmeldinga, småsamfunnssatsinga, valet og forvaltningsreforma.

Miljøleiing – Grøn stat

Vi ser det som viktig å integrere miljøomsyn i drifta av departementet og å skape miljøbevisste medarbeidarar. Gjennom fleire år har vi arbeidd med tiltak knytte til innkjøp, transport, avfall og bygg og energi. Med dagens bygningsmasse og tekniske infrastruktur er miljøomsyn godt innarbeidde i den tekniske drifta av departementet. I 2007 sette vi ned ei gruppe for å gjennomgå status i alle avdelingar og eventuelt kome med framlegg til nye miljømålsetjingar for departementet. Arbeidet blir vidareført i 2008.

Mållova

Mållova fastslår at korkje nynorsk eller bokmål skal vere representerte med mindre enn 25 prosent i rundskriv, kunngjeringsar, brosjyrar og liknande. Interne dokument er ikkje omfatta av mållova. For 2007 var vår nynorskdel i kortare tekstar på mindre enn 10 sider, til dømes pressemeldingar, stillingsannonsar, kortare høyringsnotat, rapportar og liknande, på 29,4 prosent. Nynorskdelen i lengre tekstar på minst 10 sider, til dømes lengre rapportar og høyringsnotat, rettleiingar, retningslinjer og liknande, var i 2007 på 22,7 prosent. Stortingsdokument er ikkje medrekna.

Inngåande presseførespurnader som er handterte	Ca. 1100
Besøk på regjeringa.no/krd	617 000
Sidetilvisingar på regjeringa.no/krd	2,2 millionar

Avdelingane i departementet

Departementet er delt inn i fire avdelingar og ei kommunikasjonseining. I tillegg kjem forkontoret til departementsråden og statsråden. Vi hadde i 2007 eit driftsbudsjett på 131,4 mill. kr. For rekneskapsrapportering viser vi til det siste kapitlet.

PLAN- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA

Avdelingsfakta


Stillingsramme i 2007	32,5 årsverk
Talet på tilsette i 2007	38 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	18,5 mill. kr
Organisering	Administrasjonsteamet Personalteamet Organisasjonsteamet Økonomistyringsteamet Statsbudsjetteamet Samordningsteamet Planleggingsteamet Dokumentasjonsteamet
Forvaltar totalt	152 mill. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	141 mill. kr

Plan- og administrasjonsavdelinga er departementet si administrative avdeling og fungerer som stab for departementsråden og serviceeining for dei andre avdelingane. Talet på årsverk er uendra frå 2006. Arbeidsoppgåvene omfattar samordning og kvalitetssikring av arbeidet i departementet med statsbudsjettet, samordning i høyringssaker og merknader til regjeringsnotat. Avdelinga har ansvar for økonomiforvaltninga generelt og driftsbudsjettet til departementet spesielt, lønns- og personalforvaltning, personalpolitikk, rekneskapsføring og arkiv. I 2007 vart det særleg fokusert på risikostyring, mål- og resultatstyring og auka kompetanse om regelverket for offentlege innkjøp i departementet. Det vart arbeidd med planlegging, tryggleik og IKT-utviklinga framover. Avdelinga forvaltar òg ei fellesløyving til forskings- og utgreiingsoppdrag innanfor departementet sitt område,

ei mindre løyving til større innkjøp og vedlikehald, i hovudsak innanfor IKT-området, og ei løyving til Noregs forskingsråd.

Organisasjonsendring i avdelinga

Frå 1. januar 2007 har Plan- og administrasjonsavdelinga vore organisert i team, i staden for den tradisjonelle seksjonsinndelinga. Føremålet var å få større fleksibilitet i oppgåveutføringa og sikre betre bruk av ressursane i avdelinga. Avdelinga ønskte mellom anna å få til eit betre samspel mellom leiarane og reduserte samtidig talet på formelle leiar-nivå i avdelinga. Endringa kom òg som følgje av ei gjennomgåing av oppgåver og personale som vart gjord etter fleire større organisasjonsendringar i 2005 og 2006.



REGIONALPOLITISK AVDELING

Avdelingsfakta

Stillingsramme i 2007	40,5 årsverk
Talet på tilsette i 2007	37 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	23,3 mill. kr
Organisering	Administrasjonsteamet Analyseteamet Økonomiteamet IA-teamet (internasjonalt arbeid) Lokalteamet Regionalteamet Bedriftsteamet Næringsteamet Samordningssekretariatet Prosjekt: Kompetansesenterprosjektet og Forvaltningsreformprosjektet
Forvaltar totalt	2,8 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	383 mill. kr

Regionalpolitisk avdeling arbeider med regjeringa sitt mål om å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet og føre vidare hovudtrekka i busetjingsmønsteret. Avdelinga analyserer utviklingstrekk i samfunnet og følgjer opp verkemiddelbruk som er viktig for utviklinga i distrikt og regionar. Regionalpolitisk avdeling har ansvaret for å forvalte særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel retta mot næringslivet, fylkeskommunar, kommunar og forskingsmiljø. Den daglege forvaltninga av verkemidla er i hovudsak delegert til fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (SIVA) og Noregs forskingsråd. For å sikre regional forankring og at avgjerder blir

tekne så nær dei det gjeld som mogleg, er store delar av midlane i distrikts- og regionalpolitikken desentraliserte til fylkeskommunane. Avdelinga følgjer den internasjonale utviklinga og er ansvarleg for Noregs medverknad i EUs program for det grenseregionale, transnasjonale og internasjonale samarbeidet innanfor regionalpolitikken, Interreg. I 2007 vart det oppretta eit sekretariat for ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken. Det vart arbeid med forvaltningsreforma og etableringa av Kompetansesenter for distriktsutvikling. Avdelinga er teamorganisert. Talet på årsverk i avdelinga steig med 4,3 frå 2006 til 2007.

KOMMUNALAVDELINGA

Avdelingsfakta

Stillingsramme i 2007	49,5 årsverk
Talet på tilsette i 2007	49 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	28 mill. kr
Organisering	Kommuneøkonomiseksjonen Samordningsseksjonen Juridisk seksjon Avdelingssekretariatet
Forvaltar totalt	57,8 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	100 mill. kr
Lover og forskrifter	Kommunelova Vallova Forskrift om sametingsvalet Kommuneinndelingslova Lov om forsøk i offentlig forvaltning Lov om interkommunale selskap

Kommunalavdelinga skal medverke til rammevilkår som legg til rette for lokalt sjølvstyre og ein kommunesektor som på ein god måte kan ta seg av rollene sine som demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og styresmaktforvaltar. Avdelinga har ansvaret for inntektsfordeling mellom kommunar og mellom fylkeskommunar gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. I tillegg arbeider avdelinga med dei samla inntektsrammene for kommunesektoren. Avdelinga samordnar statens tiltak overfor kommunesektoren og forvaltar kommunelova og resten av det juridiske rammeverket. Avdelinga har ansvaret for kommune- og fylkes-

inndelinga, oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren og for fornyingsarbeid når det gjeld kommunesektoren og forsøksverksemd. Avdelinga førebur og gjennomfører val på nasjonalt nivå. Avdelinga er ansvarleg for KOSTRA, eit nasjonalt informasjonssystem om kommunal og fylkeskommunal ressursbruk, og forvaltar statens eigardel i Kommunalbanken AS.

Avdelinga forvaltar direkte ei løyving til kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet, vallovinga og delar av løyvinga til skjønnstilskot. Talet på årsverk i avdelinga har stige med eitt frå 2006.




BUSTAD- OG BYGNINGSAVDELINGA

Avdelingsfakta

Stillingsramme i 2007	39 årsverk
Talet på tilsette i 2007	40 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	23,2 mill. kr
Organisering	Økonomi- og etatsstyringsseksjonen Bustadseksjonen Byggseksjonen Plan- og utviklingsseksjonen
Forvaltar totalt	16 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	3 mill. kr
Lover og forskrifter	Bustadbyggjelagslova Burettslagslova Eigarseksjonslova Husleigelova Lov om kommunal forkjøpsrett til bustader Husbanklova Reglane i plan- og bygningslovgivinga om krav til byggverk, saksbehandling og kontroll av byggjesaker, godkjenning av føretak for ansvarsrett og ekspropriasjon og refusjonsreglar Lov om godkjenning og drift av innretningar til bruk i tivoli og moroparkar Oreigningslova Leiegårdslova

Bustad- og bygningsavdelinga skal medverke til å nå regjeringa sitt mål om at alle skal kunne bu godt og trygt. Ein god bustad er eit vilkår for eit godt og meningsfylt liv, og det er derfor viktig at alle kan sikrast ein bustad som tilfredsstillar behova deira. Byggjeprosessen skal vere brukarvennleg og effektiv. Bustader og bygg skal vere sikre, og omsynet til universell utforming, miljøvern og god kva-

litet skal stå sentralt i byggjeverksemda. Avdelinga følgjer opp dette gjennom lov- og forskriftsarbeid, lovtolking og utforming av økonomiske verkemiddel som lån, tilskots- og støtteordningar. Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus forvaltar ordningane og ligg under Bustad- og bygningsavdelinga. Avdelinga har i 2007 eitt årsverk mindre enn i 2006.



KOMMUNIKASJONSEININGA

Einingsfakta

Stillingsramme i 2007	9 årsverk
Talet på tilsette i 2007	10 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	5,8 mill. kr

Kommunikasjonseininga er departementet si fageining for kommunikasjon. Eininga løyer, koordinerer og er pådrivar for effektiv medie- og samfunnskontakt og god kommunikasjonsforvaltning. Eininga har ansvaret for den totale kommunikasjonsverksemda i departementet både når det gjeld faktainformasjon om lover og reglar, og synleggjering av politikkområda for allmenta.

Eininga handterer presseførespurnader, arrangerer pressekonferansar, formidlar kronikkar og foredrag og driv aktiv mediekontakt og medieovervaking. Kommunikasjonseininga har ansvaret for utviklinga av nettstaden regjeringa.no/krd og interninformasjonen i departementet, som i 2007 innebar arbeid med nytt intranett.

Personalområdet

OVERSIKT OVER BEMANNINGA I EIT LIKESTILLINGSPERSPEKTIV

Talet på tilsette, kjønn og lønn

Det er eit overordna mål for oss å ha minst 40 prosent av kvart kjønn på alle stillingsnivå, og i dette arbeidet er det viktig at lønnsnivået i departementet medverkar til ei reell likestilling mellom kjønna.

Tabell 1: Tilsette fordelte på stillingsgrupper, kjønn og lønn 2007¹

ÅRET 2007	Totalt tal	Kvinner			Menn		
		Tal	Pst.	Ltr. gj.snitt ⁶	Tal	Pst.	Ltr. gj.snitt ⁶
Toppleiarar ¹	5	2	40	-	3	60	-
Mellomleiarar ²	27	13	48	71	14	52	72
Alternativ karriereveg ³	65	32	49	64	33	51	64
Saksbehandlarar ⁴	73	49	67	50	24	33	50
Kontortilsette ⁵	11	11	100	45	0	0	-
Sum tilsette	181	107	59	-	74	41	-
Rekruttert / gj.snitt lønn nytilsett	25	12	48	55	13	52	53
Slutta	23	11	48	-	12	52	-
Gj.snitt overtid (timar per tilsett)	35	33	-	-	38	-	-
Redusert arbeidstid (tal på pers.)	20	19	95	-	1	5	-

¹ Departementsråd, ekspedisjonssjef

² Avdelingsdirektør, underdirektør

³ Spesialrådgivar, seniorrådgivar

⁴ Rådgivarar, seniorkonsulent, førstekonsulent

⁵ Konsulent, sekretær

⁶ Ekskl. toppleiargruppa


Av dei 181 tilsette (177 årsverk) i Kommunal- og regionaldepartementet i 2007 utgjorde kvinner 59 prosent og menn 41 prosent, noko som svarar til fordelinga i 2006. Det generelle kvinneoverskotet i departementet viser seg i kontorgruppa og mellom saksbehandlarane. For dei andre funksjonane er det tilnærma lik kjønnsfordeling. Gjennomsnittslønna for dei tilsette var kr 436 334. Gjennomsnittslønna for kvinner var kr 421 712, og gjennomsnittslønna for menn var kr 457 956. Lønsskilnaden mellom kvinner og menn kan i stor grad forklarast ved at det berre er kvinner som er tilsette i den lågast lønte gruppa, kontorgruppa. I dei andre gruppene er lønnsnivået mellom kvinner og menn tilnærma det same.

¹ Tala i tabellen er henta frå departementets personalstatistikk for 2007. Tala vil i nokre av tilfella variere noko frå tala som er rapporterte i St.prp. nr. 1 pga. ulike rapporteringstidspunkt og ulike berekningsmetodar. Rapporteringa er per 31. desember 2007.


Aldersfordeling

Departementet har flest tilsette i alderen 30–39 år, med 65 personar. Færrest tilsette finn vi i aldersgruppene under 29 år og over 60 år, begge med 14 personar. Mellom dei yngste, og dermed nytilsette, er det vesentleg fleire kvinner enn menn. Biletet jamnar seg ut oppover i aldersgruppene, og mellom dei eldste er det fleire menn enn kvinner. Seniorpolitikk og seniorane sin plass i arbeidslivet er høgt prioritert i IA-avtalen.

Figur 1: Aldersfordeling kvinner i departementet



Figur 2: Aldersfordeling menn i departementet



Utsifting og rekruttering av personale


Kommunal- og regionaldepartementet hadde i 2007 ei utskifting av personale på 12,7 prosent. Av dei 23 som slutta, var det 11 kvinner og 12 menn. Prosentdelen som slutta, var lågast for leiarar (4 prosent) og høgast for saksbehandlarar (39 prosent). I faktisk personal slutta det 1 i leiargruppa, 9 i gruppa saksbehandlarar, 8 i gruppa alternativ karriereveg og 5 i kontorgruppa.

Av dei 25 som vart tilsette i 2007, var det 12 kvinner og 13 menn. Det vart tilsett 3 personar med innvandrarbakgrunn.

Ansiennitet

Tabellen under viser kor lenge medarbeidarane våre har vore tilsette i departementet. Om lag to tredelar (114 personar) har vore tilsette i 10 år eller mindre.

Figur 3: Fordelinga av tilsette etter kor mange år dei har vore i departementet




KOMPETANSE

Utdanningsbakgrunn

82 prosent av dei tilsette i departementet har høgare utdanning. 71 prosent har utdanning av høgare grad, det vil seie på hovudfags- eller masternivå. 11 prosent har anna høgare utdanning på lågare nivå, det vil seie 1–4 års utdanning frå universitet eller høgskule. 18 prosent av dei tilsette har utdanning som omfattar vidaregåande skule, realskule og tilsvarande.

Av dei tilsette utgjør juristar 16 prosent (29 personar), sivil- og samfunnsøkonomar 17 prosent (31 personar) og samfunnsvitarar 25 prosent (45 personar). Av samfunnsvitarane er det flest statsvitarar (20 personar) og samfunnsgeografar (11 personar), medan vi òg har tilsette som har hovudfag eller mastergrad i sosiologi, samfunnsplanlegging, sosialpedagogikk og kriminologi.

Figur 4: Utdanningsbakgrunn i departementet 2007



Kompetanseutvikling

Kompetanse er den viktigaste innsatsfaktoren for departementet og ein føresetnad for å realisere dei visjonane og måla departementet har. Våre tilsette får jamleg tilbod om utviklingstiltak innanfor både fagkompetanse, arbeidsverktøy og kommunikasjons- og relasjonskompetanse. Viktige verkemiddel i arbeidet vårt med kompetanseutvikling følgjer nedanfor.

- **Arbeidsplassen som læringsarena:** Dagleg læring skjer på arbeidsplassen ved å gjere arbeidsoppgåver, men òg ved til dømes fordeling av kompetansegivande oppgåver, gjennom ulike organisasjons- og arbeidsformer, jobbrotasjon, fungeringar, deltaking i faglege nettverk, tenestereiser og mentorordningar. Leiarane har ei viktig rolle i dette ved å motivere og inspirere.
- **Vidareutdanning og stipend:** Vi har gode ordningar for individuell vidareutdanning med vekt på fagleg tilknytning til arbeidsområdet til søkeren og eventuelle framtidige arbeidsområde i departementet. I 2007 vart det gitt støtte til m.a. engelskkurs, franskurs, ulike studium ved BI og praktisk prosjektleiing. Det finst òg høve for å hospitere i andre einingar internt og eksternt og internasjonale utvekslingsordningar.
- **Kurs, seminar og temamøte:** I 2007 har departementet arrangert ei rekkje tiltak retta mot alle tilsette, som nynorskurs, retorikk- og presentasjonsteknikkurs, engelskkurs, kurs i forvaltningslova og offentleglova, temamøte om EU, makroøkonomisk seminar og kurs i offentlege innkjøp. Dei einskilde avdelingane har òg gjennomført ei rekkje tiltak ut frå faglege behov.
- **Eksterne læringsarenaer og samarbeidspartnarar:** Tilsette hos oss deltok på ulike eksterne opplæringstilbod i regi av mellom andre Partnerforum, Statskonsult (DIFI frå 2008), Senter for statleg økonomistyring, Servicesenteret for departementa, HR-Norge og Administrativt forskingsfond (AFF).

- Introduksjonsprogram for nytilsette: Nytilsette hos oss deltek i eit eige introduksjonsprogram som skal medverke til at dei finn seg raskt til rette, både fagleg og sosialt.
- Utviklingsprogram for saksbehandlarar: På bakgrunn av gode røynsler med det første utviklingsprogrammet for saksbehandlarar vart planlegginga av eit nytt program gjennomført hausten 2007.

Leiarshipsutvikling

Vi legg vekt på å ta vare på og vidareutvikle eit høgt leiingsfagleg kompetansenivå ved mellom anna å medverke til at leiarane vidareutviklar medvitett sitt om kva som er god leiarskap i ein lærande organisasjon. Det blir årleg gjennomført leiarutviklingstiltak. I 2007 vart det utarbeidd eit opplegg for leiarevaluering som vart gjennomført i byrjinga av 2008, og som skal omfatte 33 leiarar. Som ei førebuing til evalueringa har vi hatt ein brei prosess rundt gjennomgåing av leiarkrava i 2007. Det endelege resultatet, «Kjennetegn ved god ledelse i Kommunal- og regionaldepartementet», vart delt ut til alle leiarar og tilsette hausten 2007. Det vart òg arrangert eit leiarseminar om vanskelege samtalar, eit leiartreff om etikk og eit seminar om varslingsrutinar for leiarar og tillitsvalde.



HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Kommunal- og regionaldepartementet har inngått ein avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Viktige samarbeidsorgan i denne samanhengen er arbeidsmiljø- og AKAN-utvalet i departementet. Departementet sin IA-avtale vart i 2007 forlengd til 31. desember 2009. Vi vil vere ein arbeidsplass som har plass til alle som vil og kan arbeide. Det er helsefremjande at medarbeidarane trivst, og at det blir skapt gode relasjonar der dialogen mellom leiar og tilsett står sentralt.

I samband med dette har vi også i 2007 arbeidd for ein reduksjon av sjukefråværet gjennom ulike tiltak, jf. målsetjinga i IA-avtalen om å redusere sjukefråværet til 4,5 prosent innan utgangen av 2009. Sjukefråværet gjekk ned frå 6,7 prosent i 2006 til 5,9 prosent i 2007. Sjukefråværet er noko større hos kvinner i departementet enn hos menn, med 7,9 prosent mot 3,7 prosent. Sjukmeldingar frå lege utgjorde 4,4 prosent, noko som svarar til 75 prosent av det totale sjukefråværet.

Departementet legg tilhøva til rette for at yrkeshemma skal kunne tilsetjast. I 2007 har vi delteke i trainee-ordninga for personar med redusert funksjonsevne. I samband med arbeidet med å motivere arbeidstakarar til å bli lenger i jobben, ser vi det som viktig å setje søkjelyset på livsfasane og karrierefaseane til dei tilsette. Også i 2007 har dette vore eit element i medarbeidersamtalar og i planlegging elles. Arbeidet blir tilrettelagt slik at alle tilsette skal få fagleg utvikling og utfordringar i jobben uavhengig av alder, kjønn og livssituasjon.

Ulike tiltak som vart gjennomførte i 2007:

- Det vart arbeidd med oppfølgingstiltak på grunnlag av ei tidlegare arbeidsmiljøundersøking.
- Bedriftshelsetenesta syter for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen for kvar einskild ved behov og lagar individuelle treningsprogram.

- Alle departementa har tilbud om trimrom, aerobics, yoga o.a. i eigne lokale. I tillegg har dei tilsette høve til å trene/trimme inntil 1 time ein gong per veke i arbeidstida. Eit program med øvingar dei tilsette kan gjere framfor pc-en, er òg sett i gang.
- Det vart gjennomført ei inneklimaundersøking.
- Det vart utarbeidd eit opplegg om «nærværsfaktorar» i samarbeid med bedriftshelsetenesta og NTNU-professor Tore Stiles. Dette vart arrangert som avdelingsvise seminar i januar 2008.
- Som eit personalpolitisk tiltak er departementet med på ei subsidieordning av det meste av det som kan kjøpast i vår felles kantine.

SOSIALE AKTIVITETAR OG VELFERDSTILTAK

Departementet ønskjer ein bedriftskultur som fremjar trivsel og tilhøyrslle mellom dei tilsette. Følgjande arrangement og tiltak medverka i 2007 til «trivselskulturen» vår:

- Kulturlunsjar for alle tilsette der musikarar eller andre kunstnarar hadde innslag
- Eit bedriftsidrettslag som arrangerer ulike aktivitetar (fotball, innebandy, klatring, dansing, bowling, jogging, ski) for å byggje opp om fysisk helse og trivsel
- Ei fotogruppe som arrangerer kurs for fotointeresserte og går på utstillingar
- Ein seniorklubb for tilsette over 60 og pensjonistar
- Julebord, juletefest og sommarfest

Bedriftsfotballaget til departementet

Det blir arrangert fotballtreningar både sommar og vinter med deltaking frå begge kjønn. Departementet stiller i 2008 i bedriftsserien for femmannslag.

2. november 2007 deltok laget i den årlege departementscupen. Turneringa gjekk denne gongen føre seg i regi av fjorårvinnaren, Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Departementet stilte med eit svært sterkt lag, og tolv tidvis spreke fotballentusiastar jobba seg gjennom fire kampar i gruppespelet og gjorde ikkje skam på drakta. Med ein siger på «walkover», ein «ekte» siger, eit uavgjort og eit tap vart laget slått ut av gruppespelet på målforskjellen. Men vonbrotet over det bitre nederlaget gjekk snøgt over etter påfølgjande debriefing med pizza og påfyll av væske.



Driftsbudsjett og driftsrekneskap for 2007

Løyving og forbruk på kap. 500, post 1 Driftsutgifter

Tabell 2: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 1 (i 1 000 kr)

Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2007	129 815
Overført frå 2006	6 236
Endringar i løyvinga, jf. St.prp. nr. 28 (2007–2008)	1 536
Sum disponibel løyving 2007	137 587
Rekneskap 2007	128 295
Mindreutgift	9 292
Refusjonar og inntekter:	
Meirinntekt under kap. 3500, post 1 Tilfeldige inntekter	25
Refusjonar under kap. 3500, post 16 Refusjonar av fødselspengar	1 441
Refusjonar under kap. 3500, post 18 Refusjon av sjukepengar//	1 761
Sum refusjonar og inntekter	3 227
Reell mindreutgift	12 519

Driftsbudsjettet til departementet vart auka med 1,5 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 28 (2007–2008), som følgje av kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2007.

Det reelle mindreforbruket på 12,5 mill. kroner utgjør 9,1 prosent av disponibel løyving. Hovuddelen av mindreforbruket kjem av at stillingar har stått ledige i lengre periodar som følgje av at rekrutteringa har teke lengre tid enn planlagt. Utgifter knytte til drift av IKT i regi av Servicesenteret for departementa, trykkingsutgiftene og somme andre utgifter vart òg lågare enn budsjettert. Av mindreforbruket kan 6,57 mill. kroner overførast til 2008.

Fullmakter

Ifølgje romartal II i St.prp. nr. 1 (2006–2007) kan løyvinga under kap. 500, post 1 overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3500, post 01.

Spesifisert rekneskap for 2007

Tabell 3: Spesifisert rekneskap 2007 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2007
Lønn og godtgjersler	93 698
Maskinar, inventar, utstyr	1 661
Forbruksmateriell ¹⁾	1 698
Reiseutgifter m.m.	7 742
Kontortenester m.m. ²⁾	4 782
Konsulenttenester	5 761
Vedlikehald og drift av maskinar m.m. ³⁾	602
Vedlikehald av bygg og anlegg	271
Drift av bygningar, lokalleige	12 080
Sum	128 295

Notar til rekneskapen:

1) Inkluderer kostnader ved elektroniske tenester som nettverk, fjernaksess og betalingsformidling m.m.


2) Utgifter til trykking, kunngjeringar, abonnement, porto, telefon m.m.

3) Service og vedlikehaldsavtalar

Fordeling av utgifter per avdeling/eining

Figuren viser fordelinga av dei rekneskapsførte utgiftene per avdeling/eining. Visse fellesutgifter som husleige, straum, IKT o.a. blir ikkje fordelte på kvar einskild avdeling.

Figur 5: Rekneskapsførte utgifter per avdeling/eining



Løyving og forbruk på kap. 500, post 45 Større utstyrsinnkjøp og investeringar

Tabell 4: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 45 (i 1 000 kr)

Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2007	2 000
Overført frå 2006	4 195
Sum disponibil løyving 2007	6 195
Rekneskap 2007	1 801
Mindreutgift	4 394

Tabell 5: Spesifisert rekneskap 2007 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2007
Maskinar, nettverk og periferiutstyr ¹⁾	948
Program ²⁾	506
Diverse investeringar ³⁾	347
Sum	1 801

1) PC-ar o.a.

2) Programvare knytt til internettpubliserings

3) Systeminvesteringar knytte til IKT og oppussing av lokale

Mindreutgifta utgjer 70,9 prosent av disponibil løyving. Løyvinga på posten blir nytta til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald i departementet, i hovudsak knytt til investeringar i IKT-utstyr og -system. Som følge av at Servicesenteret for departementa (DSS) er tenesteleverandør for IKT til departementet, blir vurderinga av behovet for større investeringar og tidspunktet for å gjennomføre dei styrt av DSS. Mindreforbruket i 2007 kjem av at det var noko uvisse om behovet og av den grunn sett av noko midlar i reserve på posten, og dessutan av forskyvingar i gjennomføringa av budsjetterte investeringar.





Kommunal- og regionaldepartementet

Akersg. 59

Postboks 8112 Dep,

0032 Oslo

Tlf: 22 24 90 90

Faks: 22 24 95 45

postmottak@krd.dep.no

www.regjeringen.no/krd

H-2222 N




Foto side 6: Benedikte Endresen

Foto bakside: Olav Røstad, fotoklubben KRD

Foto side 12: Morten Søberg

Foto side 15 og 31: Vegard Ørstad, fotoklubben KRD

Foto forside, side 2, 4, 6, 8, 11, 27, 28

og bakside: Gerlinde Øvland, fotoklubben KRD

Design: Lars Tothammer, Basta Illustrasjon & Design

Trykk: Departementenes servicesenter